

BYGLAND KOMMUNE

IFK-PLAN

PLAN FOR IDRETT-, FRILUFTSLIV-, FYSISK AKTIVITET
OG KULTURANLEGG

2020-2023

Vedteke dokument
Kommunestyret PS 110/19 den 11.12.19



Innhald

1.Mål	3
1.1 Målsetting for satsinga til Bygland kommune på idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.....	3
1.2 Målsetting for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv	3
1.3 Samanheng med andre kommunale planar	4
2.Organisering	5
2.1 Administrativ organisering	5
2.2 Politisk organisering	5
3.Folkehelsearbeid.....	6
4.Situasjonen no og vegen vidare	6
4.1 Statusoversikt for idrett- fysisk aktivitet og kulturanlegg.....	6
4.2 Vurdering av behov	7
4.3 Drift og vedlikehald – vidare arbeid	7
5.Handlingsprogram 2020-2023	8
5.1 Prioriterte anlegg	8
5.1.1 Prioriterte anlegg på framlagt budsjett	9
5.2 Uprioriterte anlegg	9
Prioritert handlingsprogram og finansieringsplan 2020-2023.....	10
Vedlegg	11
Oversikt over anlegg i Bygland kommune	11
Anlegg i Bygland	12

1. Mål

1.1 Målsetting for satsinga til Bygland kommune på idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

Målsettinga for utbygging av anlegg i kommunen er å legge til rette slik at innbyggerane får best mogeleg høve til å drive med idrett & fysisk fostring og ha tilgang på kulturelle bygg.

1.2 Målsetting for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv

Det er ei omfattande oppgåve å legge til rette med høvelege og gode tilbod når busetnaden er såpass spreidd som i Bygland kommune. Sidan det i praksis ikkje er mogeleg å sentralisere alt til ein plass, vert det aktuelt å satse på utvikling av gode anlegg på fleire stader i kommunen. Samstundes er det avgjerande å ta vare på naturen, der det på beste vis kan leggest til rette for ein "*aktiv livsstil i Bygland*". Ut frå dette har vi denne målsetjinga:

Det er ei overordna oppgåve å legge til rette slik at alle innbyggerane kan få tilgang til høvelege idretts- og friluftslivsanlegg i sitt nærmiljø; då det er for store avstandar til at alle aktivitetar kan sentraliserast til enkeltstående kommunale anlegg.

Bygland kommune har eit godt utval i turområde, m.a. med gode fiskevatn fleire stader. Fiske i Byglandsfjorden og div. fiskevatn er tilgjengeleg via fiskekort.

I 2019 vart Bygland kommune medlem i Midt-Agder Friluftsråd. MAF skal i samarbeid med eigarkommunar og andre aktørar leggje til rette for friluftsliv heile året. Målet er å «skape moglegheiter for alle i friluft».

MAF skal:

- Arbeide for å fremje eit enkelt, aktivt, allsidig og miljøvenleg friluftsliv, og å bevare natur- og kulturverdiar.
- Arbeide for sikring og tilrettelegging av regionalt viktige friluftsområder.
- Arbeide for hensiktsmessig forvaltning og drift av regionale friluftsområder, herunder regionale turløyper og skiløyper.
- Informere om og koordinere friluftsmoglegheiter i regionen.
- Arbeide for opplæring og aktivitet med basis i regionen sine friluftsmoglegheiter.
- Gi uttale i viktige saker som gjeld friluftslivet, herunder plansaker.
- Arbeide med andre friluftssaker av regional karakter.
- Verne om allemannsretten som føresetnad for friluftslivet.

For ukjende og tilreisande er det fleire merka og skilta turløyper. Skilting, og merking er gjort i fargar som er attkjennande i heile landet, og desse syner grad av vanske på løypa. Løypene er registrerte med GPS-koordinatorer. Turistforeininga har også sine løyper innover i heiane. Kommunen, reiselivsnæringa og turistorganisasjonane har samanfallande interesser i å få utarbeidd kart over turområde- og løyper. Opne skogsbilvegar er viktige i denne samanhengen.

Det er følgjande regulerte friområde med badeplassar etc.:

- Presteneset (Tangen)
- Raubekk (ikkje regulert)
- Gullsand (Bygland)
- Grendi
- Vassendkilen, Byglandsfjord

Utover desse områda som inngår i reg. planar, nemner kommuneplanen sikring av andre område med høg verdi for ålmenta; t.d. Rakkenes og Dalebukta.

I samband med drifta av dampbåten Bjoren, oppstår behov for offentleg tilgjenge til område langs fjorden, t.d. ved slusene på Storestraum og ved alle bryggene.

Det same er aktuelt på stader der det er fint å gå til land med fritidsbåt; t.d. på ovannemnde badeplassar og andre stader som Lauvdalsodden, Heddeneset og Prestøyeni. Det er ei auke i bruk av fritidsbåtar i fjorden, og behov for bryggeanlegg. Mogeleg regulering av båtbruk vert også aktualisert, særleg ved badeplassane. Dette siste er elles ikkje eit anlegg, og er ikkje del av denne planen.

Øyane i fjorden og andre område med særskilt verdi langs vassdraget kan sikrast via planvedtak. Tilsvarande kan vere aktuelt for typiske turmål i utmarka, slik som Årdalsknapen, Fånefjellet og Tjuvhola.

1.3 Samanheng med andre kommunale planar

Målsettinga er i god samanheng med dei overordna målsettingane i kommuneplanen:

***SKAPE ATTRAKTIVE MILJØ I KOMMUNEN VED Å FREMJE EI
BEREKRAFTIG UTVIKLING, OG EIT TENESTE- OG SERVICETILBOD SOM
HAR SÆRSKILT MERKEMD PÅ DEI UNGE SINE BEHOV***

***UTVIKLE BUSTADPOLITIKKEN SLIK AT DET LOKALE TILBODET OM
BUSTAD VERT ATTRAKTIVT FOR UNGDOM OG FAMILIAR I
ETABLERINGSFASEN***

I gjeldande kommuneplan er hovudmålsettinga å ***auke folketalet i Bygland***. Tiltaka i kommunedelplan for idrett & friluftsliv skal vere med å fremme ei positiv utvikling.

I høve til andre styringsdokument i kommune har IFK-planen slik status:

IFK-planen fungerer som ein sektorplan, og er kommunen sin styringsreiskap for prioritering av søknader om spillemidlar. Planen skal omtale tilhøve ved utbygging og seinare drift/tilsyn av anlegga. Handlingsdelen til IFK-planen vert styrt av den til ei kvar tid gjeldande økonomiplan og årsbudsjett. Dei enkelte anlegg vert handsama i tråd med plan- og bygningslova og det vert slik teke omsyn til ulike arealplanar.

2. Organisering

2.1 Administrativ organisering

Det er lagt opp til følgjande arbeids- og ansvarsfordeling:

Kulturadministrasjonen i samråd med rådmannen har ansvar for:

- Sektorplan for idrett, friluftsliv & kulturbygg (IFK-plan)
- Sakshandsaming av IFK-plan, samt rettleiing av søkjarar
- Elektronisk mottak/registrering og samordning av søknader om spelemidlar, og få utbetalt tilskot (spelemidlar).

Drift og forvaltning har ansvar for:

- Budsjett for gjennomføring av plan/byggeleiing i høve kommunale nyanlegg.
- Drift- og faghandlingsplanar for gjennomføring av vedlikehald av eksisterande kommunale anlegg innaføre vedteken og gyldig budsjettramme og tilgang på personalressursar.
- I høve store prosjekt som går over lengre tidsrom, er det i blant aktuelt å organisere særskilde løysningar når det gjeld prosjektleiing. Dette for å ivareta økonomi og framdrift.

Plan og utvikling har ansvar for:

- Byggjesøknadar for kommunale anlegg, jf. PBL.
- Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning.

2.2 Politisk organisering

IFK-planen vert lagt fram for Rådet for eldre og funksjonshemma og Ungdomsrådet. Den vert handsama av formannskapet, og vedteke av kommunestyret. Plan, miljø og ressursutvalet har oppgåver i samband med plan- og byggesakhandsaming i tilknytning til dei enkelte anlegga.

3. Folkehelsearbeid

Bygland kommune har ein folkehelsekoordinator i 20% stilling. Folkehelsekoordinator er sentral i merking og skilting av løyper.

4. Situasjonen no og vegen vidare

4.1 Statusoversikt for idrett- fysisk aktivitet og kulturanlegg

Etter intern vurdering november 2019, er status slik:

- Det står att ein del når det gjeld opprusting av eksisterande ljosløyper på Bygland/Heistad.
- Ljosløypa på Bygland har problem med eit parti på jordet til KVS grunna fuktigheit og vegetasjonsrydding.
- Kommunen arbeider med å få etablert ljosløype/turløype på Byglandsfjord, til erstatning for ljosløypa som måtte takast ned ved utbygging av Vassendfeltet.
- Prosjektet knytt til nytt nærmiljøanlegg/uteområde ved Bygland Oppvekstsenteret (skulen) er ferdigstilt i 2019. Det er sett i gong prosjekt knytt til nærmiljøanlegg på Byglandsfjord Oppvekstsenter, og på barnehagen på Bygland Oppvekstsenter hausten 2019. Desse prosjekta vert ferdigstilt i 2020. Bygland kommune ønskjer med dette å skape trivsel og eit godt miljø ved desse anlegga.
- Kulturhus er sett på vent på ubestemt tid, difor er den lagt på uprioritert liste.
- Den gamle gymsalen ved Bygland skule er no ferdig ombygd til kulturscene. Namnet på dette er Bygland Kulturscene. Dette arbeidet tok til i september 2018 og er ferdigstilt hausten 2019.
- Det er kome inn innspel om opprusting av leikeplassar i kommunen:
 - Prestlidi
 - Bakkane Bustadfelt
 - Grendi skule
 - Åraksbø Grendehus
 - Hampefjell
 - Bygland skule (leikeplass for småskulen)

Ein må vurdere om det er behov for leikeplassar på alle desse stadane i framtida. Det er svært ressurskrevjande å ruste opp og vedlikehalde desse leikeplassane.

4.2 Vurdering av behov

Det er eitt sterkt behov for ei turløype/lysløype på Byglandsfjord, då den førre forsvann i samband med etablering av nytt bustadfelt. Dette er innarbeida midlar til eit forprosjekt i budsjett for 2019, og arbeidet med dette er sett i gong haust 2019, og vil fortsetje ut i 2020.

Det er kome eit privat initiativ frå Bygland Idrettslag om ein klatrepark retta mot born og ungdom på Presteneset i Bygland. Dette er eit rekreasjonsområde i vekst, og det er eit behov for aktivitetar og vidareutvikling av tilbodet til barn og unge i dette området.

Det er også kome inn eit privat initiativ frå ei undergruppe av Bygland IL som vil etablere ein endurobane på Bygland. Banen vil vere tilrettelagt for trening og konkurransar, og dei vil rette seg mot både barn og vaksne.

4.3 Drift og vedlikehald – vidare arbeid

Vedlikehald av anlegg skjer i samarbeid mellom DFV og den enkelte eigar/drivar. DFV vurderer behov for vedlikehald opp mot tilgjengelege midlar, og avgjer såleis kva som kan gjerast.

5. Handlingsprogram 2020-2023

Prioritering av Ljosløypa/turløypa på Byglandsfjord er nå på 3. plass på prioritert liste.

Det er ferdigstilt eit prosjekt med nytt uteareal/nærmiljøanlegg ved Bygland oppvekstsenter. Prosjekt knytt til uteareal ved Bygland barnehage vart sett i gong haust 2019.

Sett i samanheng med dette, er det også avsett midlar i 2019 til uteareal/nærmiljøanlegg ved Byglandsfjord oppvekstsenter. Det er sett i gong prosjekt knytt til dette haust 2019. Det er behov for å styrke trivsel og miljø ved begge oppvekstsentra. Begge desse prosjekta må stå på IFK planen til alle spelemidlane er komen inn.

Enkelte andre prosjekt har kome til grunna innspel frå lag og foreiningar. Dette gjeld til dømes klatrepark på Presteneset, endurobane, Ljosløypa på Heistad, og innmeldt behov for folkesti Skore-Gaukdommen.

Det er viktig å vere klar over at lista over prioriterte anlegg ikkje er forpliktande for kommunen. Investering og bygging avheng av økonomiplanen og eit eventuelt vedtak i kommunestyret. Ein er dessutan avhengig av spelemidlar. Dersom ein ikkje får godkjend ein eller fleire søknadar om spelemidlar, kan ikkje kommunen investere i prosjekta. Ein må då vente med desse prosjekta, og det kan bli aktuelt å gjere endringar i lista over prioriterte og uprioriterte anlegg. Handlingsprogrammet må òg rullerast då.

Rullering av prioriteringar og handlingsprogram kan òg bli aktuelt viss det ligg føre særskilt gode vilkår for finansiering og/eller forpliktande avtale for medfinansiering frå andre aktørar, t.d.: Lag & foreiningar, privat finansiering/fond etc., off. samarbeid, t.d. Statens Vegvesen, anna offentleg samfinansiering.

5.1 Prioriterte anlegg

Anlegg som er prioriterte skal i utgangspunktet vere realiserte innan ein fireårsperiode, men merk atterhalda nemnt ovanfor.

Lista over prioriterte anlegg er delt i to. Fyrst kjem dei anlegga som er ferdige, men ikkje utløyst spelemidlar enda, så kjem dei som er med i rådmannens framlegg til budsjett 2020-2023. Deretter kjem dei anlegga som ikkje er finansiert via budsjettet på noverande tidspunkt.

Tiltak frå 2020 og ut perioden er avhengig av budsjettvedtak.

5.1.1 Prioriterte anlegg på framlagt budsjett

1. Bygland Kulturscene.
Status: Prosjektet vert etter planen slutført siste halvår 2019. Det vert søkt om spelemidlar 15. januar 2020. -Kulturbygg
2. Uteareal Byglandsfjord oppvekstsenter. -Nærmiljøanlegg
3. Ljosløype/turløype på Byglandsfjord. -Idrettsanlegg-Friluftslivsanlegg
4. Oppgradering av ljosløypa på Heistad. -Nærmiljøanlegg-Lysanlegg
5. Endurobane. Bygland. -Idrettsanlegg
6. Uteanlegg/nærmiljøanlegg Bygland Oppvekstsenter (småskulen) -Nærmiljøanlegg
7. Klatrepark Presteneset, Bygland. –Nærmiljøanlegg-Klatreanlegg
8. Ljosløype ved Tangen/Jordalsbø.
9. Leikeplass i Prestlidi.
10. Tråkkemaskin for preparering av løype.

5.2 Uprioriterte anlegg

Desse anlegga er det eit mål å realisere i løpet av 12 år. Nokre av anlegga kan kome inn att på prioritert liste fort, andre kan kome til å bli tatt ut av lista då ein ikkje finn det mogleg å realisere dei.

- Leikeplass i Ose sentrum.
- Innandørs skytebane Bygland.
- Kulturhus.

5.3 Prioritert handlingsprogram og finansieringsplan 2020-2023

Anleggstype	Prosjekteigar	Stad	Prioritet	Oppstart	Drift pr. år		Kostnad anlegg
					km	pm	
Kulturscene	Bygland kommune	Bygland	1	2018*			1 300
Uteanlegg/nærmiljøanlegg Byglandsfjord oppvekstsenter	Bygland kommune	Byglandsfjord	2	2019			1 000
Lysløype/turløype Byglandsfjord	Bygland kommune	Byglandsfjord	3	2019			**
Lysløype Heistad	Ikkje avklart	Heistad	4	2020			**
Endurobane	Privat	Bygland	5	2020			**
Uteanlegg/nærmiljøanlegg Bygland oppvekstsenter (småskule)	Bygland kommune	Bygland	6	2021			800
Klatrepark Presteneset, Bygland	Ikkje avklart	Bygland	7	2021			950
Ljosløype ved Tangen/Jordalsbø - tråkkemaskin	Ikkje avklart	Bygland	8	2022			**
Leikeplass i Prestlidi	Ikkje avklart	Bygland	9	2023			**

* Ferdig eller påbegynt anlegg

** Ikkje utarbeidd kostnadsoversla

KM = Kommunale midlar
PM = Private midlar
SM = Spelemidlar

Alle beløp i 1000 kr

Anleggstype	Finansiering											
	2020			2021			2022			2023		
	km	sm	pm	km	sm	pm	km	sm	pm	km	sm	pm
Kulturscene												
Uteanlegg/nærmiljøanlegg Byglandsfjord oppvekstsenter												
Lysløype/turløype Byglandsfjord	200											
Lysløype Heistad	150	50										
Endurobane												
Uteanlegg/nærmiljøanlegg Bygland oppvekstsenter (småskulen)				800								
Klatrepark Presteneset, Bygland				150	300	500						
Ljosløype ved Tangen/Jordalsbø - tråkkemaskin							150	50				
Leikeplass i Prestlidi										150	50	

KM = Kommunale midlar
PM = Private midlar
SM = Spelemidlar

Alle beløp i 1000 kr

Kommentar:

Kulturscena ligg inne fordi kommunen ventar å få spelemidlar i 2020. Beløpet er usikkert og vert ikkje lagt inn før i 1. tertial 2020.

Uteanlegg Byglandsfjord oppvekstsenter ligg inne med 0 fordi finanseringsbehovet vert justert i 1. tertial. På noverande tidspunkt er det ikkje klart kor stor del av kostnadene som vert kostnadsført i 2019 og 2020.

Vedlegg

Oversikt over anlegg i Bygland kommune

Staten v/KUD har eit samla digitalt anleggsregister, som er tilgjengeleg via internett på www.idrettsanlegg.no. Anlegga har eige anleggsnummer, anleggsnamn, registrert gardsnr./bruksnr. med kartreferanse og koordinatar, namn på eigar m/adresse, anleggskode og anleggskategori, registrert byggeår/ferdigstilling og evt. registrerte ombyggingar eller andre merknader. Registeret må oppdaterast kvart år av kommunen. Dette er eit krav for å få tippemidlar. På grunn av endring av tidsfrist for rapportering, vil ikkje anleggsregisteret bli oppdatert før februar 2020. Difor er ikkje anleggsregisteret heilt korrekt med tanke på slik det er per november 2019.

Anlegg i Bygland

Anleggslista vert oppdatert i Januar kvart år. Her følgjer eit oversyn over eksisterande anlegg i Bygland kommune slik dei er registrerte i anleggsregisteret per november 2019:

Anleggsnavn	Anleggsid	Status	Eier
Bygland leirduebane	22126	Eksisterende	BYGLAND JEGER- OG FISKARLAG
Hoppbakke	42696	Nedlagt	I09380005
Sundt håndballbane	24779	Nedlagt	I09380005
Byglandsfjord skole - balløkke/isflate	16313	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Hampetjønn nærmiljøanlegg Balløkke	10963	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Bygland skole håndballbane	33009	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Bygland skole Balløkke	33010	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Bygland skole volleyballbane	33011	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Hampetjønn Ballbinge	63015	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Byglandsfjord skole - hinderløype og gap	1031	Ble ikke realisert	BYGLAND KOMMUNE
Kulturhus Prestneset	20676	Ble ikke realisert	BYGLAND KOMMUNE
Bygland skole Kulturscene	33007	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Ose grendehus	9943	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Tangen-Prestneset nærmiljøanlegg	10967	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Bygland trampoliner - små	75008	Planlagt	BYGLAND KOMMUNE
Prestlidi nærmiljøanlegg	28166	Nedlagt	BYGLAND KOMMUNE
Bygland skole - klatreanlegg	33012	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Byglandsfjord skole Ulike småanlegg	16314	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Grendi skole	4119	Nedlagt	BYGLAND KOMMUNE
Bygland skule uteområde - skuleplassen	74360	Planlagt	BYGLAND KOMMUNE
Nesmoen skytebane	42179	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Bygland klatreanlegg	75005	Planlagt	BYGLAND KOMMUNE
Byglandsfjord miniatyrskyttebane	10965	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Byglandsfjord skole Skytebane	16312	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Stupetårn/flytebrygge Prestneset	20686	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Stupetårn/flytebrygge Vassendkilen	20689	Planlagt	BYGLAND KOMMUNE
Bygland skole svømmeanlegg	33008	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Bygland skole, flerbrukshall 45x25m	20677	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Byglandsfjord skole flerbrukshall	18116	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Nesmoen skytebane Idrettshus	42178	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Hampetjønn tennisbane	10964	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Bygland Bordtennis ute	75006	Planlagt	BYGLAND KOMMUNE
Bygland skule Basketballbane skateboardanlegg	52781	Planlagt	BYGLAND KOMMUNE
Bygland skateanlegg	75007	Planlagt	BYGLAND KOMMUNE
Idrettsbanen Fotball Gressbane	20442	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Auestad idrettsanlegg fotballbane	9928	Ble ikke realisert	BYGLAND KOMMUNE
Idrettsbanen	20443	Nedlagt	BYGLAND KOMMUNE
Byglandsfjord skole Badeplass	16315	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Sanitæranlegg Prestneset	20678	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Bygland skole Skiløype	33013	Eksisterende	BYGLAND KOMMUNE
Skiløype Vassenden	20687	Planlagt	BYGLAND KOMMUNE

Bygland Skytterlag	65265	Eksisterende	BYGLAND SKYTTERLAG
Bygland Trialbane	971	Planlagt	Bygland IL Trial
Fossåkollen hoppbakke	30355	Nedlagt	I09380003
Gaukhei- bortelii	5023	Eksisterende	DNT SØR
Gaukhei- kvinen	5025	Eksisterende	DNT SØR
Gaukhei- ljosland	5026	Eksisterende	DNT SØR
Gaukhei- stakkedalen	5027	Eksisterende	DNT SØR
Gaukhei- øyuvsbu	5028	Eksisterende	DNT SØR
Gaukhei-håhelleren	5029	Eksisterende	DNT SØR
Bru ved Langsvann	65092	Planlagt	DNT SØR
Josefsbu-gaukhei	7997	Eksisterende	DNT SØR
Stakkedalen-gaukheihytta	2451	Eksisterende	DNT SØR
Stakkedalen-håhelleren	2452	Eksisterende	DNT SØR
Stakkedalen-langeid	2453	Eksisterende	DNT SØR
Stakkedalen-øyuvsbu	2533	Eksisterende	DNT SØR
Gaukhei hytta	5024	Eksisterende	DNT SØR
Josefsbu	7996	Eksisterende	DNT SØR
Tjønndalen Turisthytte	65091	Eksisterende	DNT SØR
Stakkedalen	2450	Eksisterende	DNT SØR
Setesdalsheiene Turkart	51853	Ble ikke realisert	DNT SØR
Bygland Nærmiljøanlegg	63014	Eksisterende	BYGLAND IDRETTSLAG
Balløkke Ose	20684	Planlagt	BYGLAND IDRETTSLAG
Heistad lysløype	48274	Eksisterende	BYGLAND IDRETTSLAG
Tuftepark Prestneset	20681	Eksisterende	BYGLAND IDRETTSLAG
Austli	23560	Eksisterende	BYGLAND IDRETTSLAG
Bygland idrettshus	53356	Eksisterende	BYGLAND IDRETTSLAG
Åsen hoppbakke	34175	Nedlagt	I09380004
KVS-Bygland Idrettshall	51854	Eksisterende	KVS-BYGLAND AS